



Arkivnr: 2015/11453-12

Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Hordaland fagskulestyre		26.01.2016

Marknadsføringsplan for Hordaland helsefagskole

Samandrag

Hordaland fagskulestyre vedtok i møte 26.11.2015 fleire tiltak for å betre den økonomiske situasjonen ved Hordaland helsefagskole. I same møte vart administrasjonen ved opplæringsavdelinga beden om å leggje fram ei sak med ein marknadsføringsplan for helsefagskulen.

Forslag til vedtak

Marknadsføringsplan for Hordaland helsefagskole vert vedteken som det kjem fram av saka.

Svein Heggheim
fylkesdirektør opplæring
ansvarleg for saksførebuing til fagskulestyret

Linda Farestveit
sekjonsleiar skule

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Vedlegg

1 Rapport rekrutteringskampanje 2014/15

Fylkesrådmannen, 17.12.2015

Hordaland fagskulestyre fatta følgjande vedtak i møte 26.11.2015:

1. Følgjande tiltak vert sett i verk for å betre den økonomiske situasjonen ved Hordaland helsefagskole:
 - a. Spisse fagtilbodet – berre annonser to-tre tilbod kvar haust.
 - b. Starte store klassar med inntil 30 studentar, minimum 25.
 - c. Gå i dialog med kommunane om kva tilbod som blir starta opp, ikkje gje for mange alternativ å velje mellom.
 - d. Alle tilbod blir tilbydd i Bergen – rekruttering frå Bergen og omlandskommunane.
 - e. Evaluere resultat av tiltaka undervegs og ha tett oppfølging og dialog i høve til kva tilbod som skal startast opp.
2. Eventuelle økonomiske ekstraløyvingar blir handsama i eiga sak om tilbodsstruktur for Fagskolane i Hordaland.
3. Ved langsigtige avtalar med kommunar som sikrar store nok klassar vil ein vurdera oppretting av desentraliserte studietilbod.

I møtet vart administrasjonen ved opplæringsavdelinga også beden om å leggje fram ei sak med marknadsføringsplan for Hordaland helsefagskole til styremøtet 26.01.2015.

Rekrutteringskampanje 2014/15

Skuleåret 2014/15 vart det gjennomført ein rekrutteringskampanje ved Hordaland helsefagskule. Kampanjen var eit resultat av arbeid i ei arbeidsgruppe der det var representantar frå KS, Fylkesmannen, opplæringsavdelinga og Hordaland helsefagskole. Hordaland fagskulestyre løyvde midlar til ei 40%-stilling fordelt på to personar ved Hordaland helsefagskole som fekk ansvar for å gjennomføre aktivitetane i kampanjen.

Det er lagt ned eit betydeleg arbeid i kampanjen. Mellom anna vart det gjennomført møte med fleire utvalde kommunar og institusjonar i Hordaland. Kommunane var positive til utdanningane, men det første ikkje til auka søkjartal. Likevel er det viktig å arbeide vidare med den kontakten som vart etablert i kampanjen då kommunane gjerne treng lengre tid for å planlegge utdanningsaktivitetar for tilsette. Rapport frå kampanjen ligg som vedlegg til saka.

Marknadsføringsplan for Hordaland helsefagskole 2016

Basert på fagskulestyret sine tiltak for å sikre eit økonomisk berekraftig helsefagskuletilbod vert det eit mål for marknadsføringsplanen å rekruttera 25-30 studentar til tre tilbod. Samtidig er det eit mål å drive merkevarebygging som bidreg til at helsefagskulen vert betre kjent som ein vidare utdanningsveg.

Resultatmål:

Hausten 2016 har Hordaland helsefagskole starta opp tre tilbod innan helsefag med 25-30 studentar, og helsefagskuletilboda er betre kjent og meir etterspurt i regionen.

Aktivitetar for målretta merkevarebygging og rekruttering til hausten 2016:

Forklaring på forkortinger i tabell under:
 HHF – Hordaland helsefagskole
 Adm. – Administrasjonen ved opplæringsavdelinga
 Fagskulane – Fagskolane i Hordaland

Aktivitet	Kommentar	Tidsperiode	Ansvarleg
Møter med kommunane	Ny kontakt med dei kommunane som HHF har vore i dialog med før	Januar – September	HHF Adm.
Annonsering	Facebook, Google og aktuelle tidsskrift. Fokus på å synleggjere nye heimesider: www.hordaland.no/fagskole	Januar – September	Adm. Fagskulane
Artikkel om helsefagskulen	Artikkel som kan publiserast på nett og i aktuelle medlemsmagasin		Adm. HHF
Rådgjevarsamling med inntaksgruppa i HFK	Taletid på 4 rådgjevarsamlinger for ungdomsskular og vgs.	Januar	Adm. Fagskulane
Utdanningsmesser (Sotra, Bergen og Stord)	Tillegg: Sende e-post til vgs. med helsefag for å invitera til utdanningsmessa	Januar – Februar	Fagskulane Adm.
Samarbeid med KS og aktuelle fagforeiningar	KS og fagforeiningane kan bidra med å spreia informasjon om helsefaga	Januar – September	Adm.
Informera om helsefagskulen til rådmannsutvalet	KS informerer	Februar	Adm.
Praksisplassar	Sikra nok praksisplassar til store klassar, særleg innan psykisk/rus	Januar – September	HHF Adm.
Intensjonsavtaler	Avtalar med kommunane om tal på plassar dei ønskjer	Januar - Mars	HHF Adm.

Fleire av aktivitetane som er lista opp over er aktivitetar som allereie er planlagt under marknadsføringsbudsjettet, og det er ikkje forventa at det er naudsynt å gå utover budsjettet for å finansiera aktivitetane.